



Likelydande brev til:

- 1) Vestland fylkeskommune
- 2) Svanøy Havbruk AS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristine Hetlesæter, 5764 3142

Endra løyve til Svanøy Havbruk for utslepp frå produksjon av laksefisk ved lokaliteten 11800 Austneståa i Kinn kommune

På grunnlag av konflikhtar med vill anadrom fisk rår vi Vestland fylkeskommune frå å gi permanent løyve til auka produksjon av matfisk, stamfisk og konsumrogn av regnbogeaure ved lokaliteten Austneståa i Kinn kommune.

Vurdert berre etter forureiningslova, får Svanøy Havbruk AS endra løyve til utslepp frå ein produksjon på 3120 tonn MTB av laksefisk på lokaliteten Austneståa. Endringa inneber at produksjonsmengda som tidlegare var mellombels godkjent, er gjort permanent.

Det er ikkje gjort ei fullstendig oppdatering av løyvet etter § 18 i forureiningslova, men løyvet er oppdatert på nokre punkt. Endringane er beskrive i endringsloggen i løyvedokumentet.

Viser med dette til søknad frå Svanøy Havbruk AS, datert 19.04.2021.

1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar Svanøy Havbruk AS sitt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Endringane i løyvet gjeld frå 10.11.2021. Det endra løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyveendringa omfattar ei permanent utviding i maksimal tillaten biomasse frå 2340 tonn til 3120 tonn MTB. Endringane i løyvet er gjort med heimel i forureiningslova § 18.



Svanøy Havbruk AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 16 900 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1 Fristar

Frist	Innhald	Vilkår nr.
1. mars kvart år	Rapportere miljødata og ev. avvik frå løyvet	11.4
Årleg, i løpet av sommarhalvåret	Strandsonegransking	11.2
Frekvens etter Norsk Standard NS9410:2016.	Gransking av organisk belastning og prioriterte stoff	11.2

2 Kort om bakgrunnen for saka

Statsforvaltaren gav i 1989 utsleppsløyve for etablering av matfiskanlegg for laksefisk på lokaliteten Austneset. I ettertid er det gitt fleire løyve til utviding, og fleire firma har disponert lokaliteten. I 2006 vart plasseringa av anlegget endra for å oppnå betre vassgjennomstrøyming. I 2011 vart det gjeve utsleppsløyve for utviding til 2340 tonn MTB.

Verksemda fekk i 2017 mellombels utvida løyve frå 2340 tonn til 3120 tonn MTB, som var gjeldande fram til 01.05.2020. Utvidinga vart gjeve for at verksemda skulle kunne nytte ein tildelt FoU-konsesjon på 780 tonn MTB for eit prosjekt som kombinerer matfisk- og konsumrognproduksjon av regnbogeaure. Denne konsesjonen vart i 2020 forlenga fram til 13.05.2024. På bakgrunn av dette søker Svanøy Havbruk no om permanent løyve til ein produksjon på 3120 tonn MTB av laksefisk ved lokaliteten Austneståa. Det er ikkje søkt om endra arealbruk.

2.1 Korrespondanse

Søknaden er datert 19.04.2021, og vart oversendt til sektormyndene frå fylkeskommunen 20.04.2021. Kinn kommune si handsaming av saka vart ettersendt 25.06.2021.

2.2 Merknader og fråsegner

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn i tidsrommet 07.05.2021 – 04.06.2021. Det kom ikkje inn merknader frå ålmenta.

Kinn kommune skriv i sin uttale 17.06.2021 at søknaden ikkje omfattar endringar i arealbruk. Dei har difor ikkje merknader til søknaden.



2.3 Rettsleg utgangspunkt

2.3.1 Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova .

2.3.2 Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

2.3.3 Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

2.3.4 Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast (sjå vedlegg 1 i løyvet).

2.3.5 Konflikhtar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune om konflikhtar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.

3 Statsforvaltaren si vurdering

3.1 Fråsegn til fylkeskommunen om konflikhtar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren vil rå frå at Vestland fylkeskommune gir permanent løyve til auka produksjon av matfisk-, stamfisk- og konsumrognproduksjon av regnbogeaure ved lokaliteten Austneståa. Frårådinga gjeld i hovudsak konflikhtar med vill anadrom fisk. Ei produksjonsauke vil etter vår vurdering gi lite konflikt med anna naturmangfald og friluftsliv.

Kunnskapen vi har om påverknad frå fiskeoppdrett på ville bestandar tilseier at det er ein direkte samanheng mellom tal vertar i sjøområda og tal parasittar som kan infisere dei ville vertedyra. Auke i



produksjonen ved Austneståa vil dermed kunne bidra til meir lakselus i eit allereie oppdrettsintensivt område, sjølv om søknaden ikkje omfattar innføring av eit nytt smittepunkt.

Ein produksjonsauke vil kunne auke risikoen for auka påverknad på vill laks og sjøaure lokalt, og det er då sjøaure som beitar i området som truleg vert mest påverka. Sjøaure er generelt meir utsett for lusesmitte enn laksesmolt. Store mengder lakselus er dødeleg, og har ein bestandsreducerande effekt på sjøaure.

Anlegget ved Austneståa skal produsere stamfisk og konsumrogn av regnbogeaure, som er ein framand art i Noreg. Fisken kan i verste fall vere gytemoden ved eventuell rømming. Vi vurderer produksjon av stamfisk og rogn som ein større risiko enn vanleg produksjon av matfisk, fordi gyteåtfjerda til rømt fisk kan øydelegge eller forstyrre gyteplassane til vill anadrom fisk.

Vi vurderer at ei permanent auke av biomassetaket til 3120 tonn MTB vil føre til auka lusepress på vill anadrom fisk i Førdefjorden og elles i produksjonsområde 4 som allereie har raud farge i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen. Eventuell rømming frå anlegget kan få store negative følgjer for bestandane av vill anadrom fisk i området. Av omsyn til lokale bestandar av vill anadrom fisk er ei auke i MTB i området ikkje ønskjeleg.

3.2 Grunngeving for vedtaket etter forureiningslova

3.2.1 Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Produksjonen har utslepp av fôrrester, ekskrement frå fisken, kopar frå impregnerte nøter og andre kjemikal og framandstoff (inkludert legemiddel) som påverkar det marine miljøet. Støy og lys kan vere til sjenanse for naboar og naturmangfald.

3.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta

Vi vurderer at utsleppa frå eit matfiskanlegg med MTB på 3120 tonn vil gi ein liten risiko for at miljøet kan bli utsett for uakseptabel negativ påverknad. Statsforvaltaren vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Brufjorden er frå før lite påverka av andre kjende utsleppskjelder. Den samla belastninga på resipienten vil auke noko med ei produksjonsauke på 780 tonn (naturmangfaldlova § 10). Det er likevel ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre heile vassførekomsten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan nåast.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Svanøy Havbruk pliktar å ta i bruk miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.



3.2.3 Vurdering

Forureining

Dagens miljøtilstand i vassførekomsten Brufjorden er akseptabel (sjå faktagrunnlag i punkt 4.3.1). Straumen som er målt på lokaliteten er moderat, men kan etter vår vurdering gi tilstrekkeleg spreining av auken av utslepp som det er søkt om. Miljøgranskinga viser god tilstand for botnfaunaen på lokaliteten, og viser ikkje auka nivå av miljøgifter.

Ut frå dei overvakingsresultata ein har, ser det ut til at resipienten i Brufjorden har omsett dei organiske utsleppa anlegget har hatt fram til no på ein tilfredsstillande måte. Det er som forventa registrert ein viss påverknad heilt inne ved anlegget, men likevel innafor det som er akseptabelt. Miljøtilstanden i dei djupare delane av resipienten er samla sett god, analysar av fauna syner ein naturleg biodiversitet, men med nokre belasta områder. Resultata tyder på ein viss risiko for lokal opphoping av organisk materiale. Det er likevel ikkje noko som tyder på at utsleppa har nemnande påverknad på miljøtilstanden utover i resipienten. Den totale bereevna til vassførekomsten for auka utslepp er ikkje kjend, men vi vurderer at dagens tilstand er tilfredsstillande, og at det kan vere rom for noko auka påverknad.

Naturmangfald

Påverknad frå akvakulturanlegg på naturtypar og artar er resultat av utsleppa av fiskeavføring, spillfôr og ulike kjemikal (impregnering, medikament, reingjeringsmiddel, mikroplast, osb.). For anlegg som har vore drifta i lang tid, har allereie dei største endringane i miljøet skjedd. Sårbare naturtypar og artar som ikkje toler utsleppa nemnt over, vil forsvinne. Ut ifrå tilgjengeleg kunnskap tilseier djupnetilhøva ved lokaliteten at det er lite sannsynleg at korallar førekjem i nærområda til anlegget. Det er ikkje gjort kartleggingar av sårbart marint naturmangfald i området, men det er gjort funn i Førdefjorden som tyder på at det kan finnast førekomstar av steinkorallar i fjordområdet. Svanøy Havbruk AS må vise generell aktsemd, og melde frå dersom det blir funne korallar eller anna sårbart naturmangfald i nærområda til anlegget.

Gebyr

Statsforvaltaren har brukt meir ressursar enn det som er dekkja av sats 8 ved behandling av denne søknaden, og vedtek gebyr etter sats 7 i forureiningsforskrifta § 39-4.

3.2.4 Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at ei permanent utviding til 3120 tonn MTB er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved utsleppa frå produksjonen samanstillt med fordelar og ulemper verksemda elles vil medføre, gjev vi løyve til produksjonsauken på nærare fastsette vilkår.

3.3 Grunngeving for utvalde vilkår

Risikovurdering av utslepp av kjemikal (vilkår 2.2 og 7 i løyvet)

Alle utslepp av kjemikal og miljøgifter skal risikovurderast jf. vilkår 2.2 om internkontroll og vilkår 7 om kjemikal. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av kjemikala knytt til avlusing og



nøtimpregnering verkar på miljøet over tid. Difor må risikovurderinga avdekke om kjemikala kan ha skadelege effektar på helse og miljø.

Støy og lys (vilkår 5 og 6 i løyvet)

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i utsleppsløyve vilkår 6.1. Verksemda må også innrette lys slik at det blir til minst mogleg plage for naboar og andre, jf. vilkår 5. Vi har nytta standard grenseverdiar for støy som vilkår i løyvet. Vi vurderer avstanden til næraste bygning såpass stor at desse ikkje blir nemnande plaga av støyen frå anlegget dersom drifta held seg innafor standardgrensene. Dette vil likevel ikkje seie at anlegget ikkje vil kunne høyrast.

Utslepp av støy og sjenerande lys frå oppdrettsanlegg er ofte kjelde til at naboar til anlegget klagar til Statsforvaltaren. Ut frå forureiningslova § 2 punkt 3 skal verksemda nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp.

Plast (vilkår 2 i løyvet)

Vi kjenner per i dag ikkje det nøyaktige omfanget av utslepp av plast frå eit oppdrettsanlegg, men ser det som ein miljørisiko. Difor set vi i vilkår 2.2 krav om at all aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast. Dette omfattar også utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal verksemda utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast.

Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 11 i løyvet)

Løyve til utslepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utsleppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at verksemda skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må verksemda overvake effekten som utsleppa har på miljøet. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen.

Overvaking av koparforureining og andre miljøgifter (vilkår 11.3 i løyvet)

Utslepp av kopar og andre miljøgifter har fått auka merksemd i nyare løyve. På enkelte lokalitetar har vi sett at koparnivåa kan bli høge i sedimentet. For å unngå miljøskade har vi i vilkår 11.3 tatt inn standardkrav om overvaking av alle miljøgifter som anlegget har utslepp av, slik at tiltak kan setjast inn i tide, før nivåa vert for høge.

Det er behov for meir informasjon om nivå av kopar og andre miljøgifter enn det som ei ordinær C-gransking gir. Difor er det sett krav om prøvetaking i fleire punkt og for fleire stoff i vilkår 11.3. i løyvet. Prøvetaking skal gjerast i samband med C-granskingar, og takast både ved merdkant, ved ytterkant av overgangssona (C2) og på den mest organisk belasta stasjonen inne i overgangssona. Dette vil gi tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om det er behov for utvida prøvetaking eller tiltak. Lista over prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff er lang, men prøvane skal berre analyserast for dei stoffa som verksemda har sleppt ut.



4 Faktagrunnlag

4.1 Generelt om utslepp frå akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

Organiske utslepp

Produksjonen vil ha utslepp av spillfôr og fekaliar og andre avfallsstoff frå fisken sin metabolisme. Dette gir utslepp av oppløyse næringsstoff og organiske partiklar. Næringsstoffa har gjødslande effekt på marine algar, medan partiklane sedimenterer og vert brotne ned av botnfauna. Utsleppa kan endre artsdiversiteten og mengda individ hjå den marine floraen og faunaen både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Kjemikal og miljøgifter

Produksjonen vil ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel og nôtimpregneringsmiddel. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter.

Forbruket av legemiddel til avlusning har endra seg over tid, både når det gjeld typar og mengder. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Anlegg som nyttar koparimpregnerte nøter har utslepp av kopar, som ikkje blir brote ned i sedimentet. Koparen blir verande i lang tid, også etter at anlegget er lagt ned. Koparnivåa kan bli svært høge i anleggsområdet, og i nokre tilfelle har vi også sett at koparnivåa over tid kan komme i konflikt med miljømåla i vassforskrifta for større område.

Plast og marin forøpling

Store delar av eit oppdrettsanlegg er vanlegvis laga av plast, og slitasje vil medføre utslepp av plast til det marine miljøet. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda. Større plastavfall vil kunne forøple strandsona eller på botnen, eller forvekslast med mat av sjøfugl, fisk og marine dyr.

Avfall og biprodukt

Død fisk og anna organisk avfall er ein ressurs som kan utnyttast. Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslepp til miljøet. Død fisk som ikkje blir tatt opp av merda vil gå i oppløysing og bidra til påverknad på botnen under anlegget og i resipienten elles.



Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslepp. Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslepp til miljøet.

Støy

Støyande aktivitetar ved eit akvakulturanlegg er mellom anna fôring, bruk av aggregat, internttransport på anlegget, notspyling, fôrleveransar og brønnbåtaktivitet. Miljødirektoratet har gjort ei kartlegging av støy frå akvakulturanlegg¹. Denne viser at dagleg drift vanlegvis ikkje bryt med standard industristøygrensar når ein kjem om lag 500 meter frå anlegget. Enkelte aktivitetar på kveld og natt kan kome i konflikt med støygrensene ved denne avstanden

4.2 Tilhøvet til plan

Anlegget ligg i areal avsett til akvakulturføremål i gjeldande arealplan for Kinn kommune. Områda rundt er sett av til «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Det ligg rekefelt i kort avstand til akvakulturområdet, både på nord- og sørsida. Arealplanen vart vedteken 21.03.2017. Ut frå føresegnene for arealplanen går det fram at det ikkje er tillate med bruk av kitinghemmarar i områda for akvakultur.

4.3 Resipient og miljøtilstand

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden^{2 3 4} nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder.

4.3.1 Sjøområdet som resipient

Naturgjevne tilhøve

Lokaliteten Austneståa ligg på austsida av Austneset på Svanøya i Brufjorden i Kinn kommune. Djupna under dagens anlegg varierer frå ca. 50-115 meter. Botnen skrånar austover mot djup på over 300 meter midtfjords. Mot sør er det grunnare område med øyar, holmar og skjer.

Klassifisering i Vann-Nett

Lokaliteten ligg i vassførekomsten Brufjorden (ID-nr 0281010300-C i Vann-Nett), som er karakterisert som ein moderat eksponert kyst-vassførekomst etter vassforskrifta sine føringar. Registrerte påverknader er utslepp frå fire akvakulturlokalitetar i sjø og eitt landbasert akvakulturanlegg, samt diffuse utslepp frå spreidd busetnad. Det er antatt at området samla sett har god økologisk tilstand. Området er vurdert å ikkje ha risiko for at miljømåla etter vassforskrifta om å oppretthalde minst «god» økologisk og kjemisk miljøtilstand ikkje vert oppnådde.

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1482/m1482.pdf>

² Åkerblå AS (2019). *C-undersøkelse for Austneståa*. Rapportnummer MCR-M-18138-Austneståa

³ Sub Aqua Tech AS (2020). *MOM-B-undersøking ved Austneståa 07.10.2020*. Rapportnummer MOM-BU0473

⁴ Sub Aqua Tech (2015). *Straummåling ved Austneståa for Svanøy Havbruk AS*. Rapportnummer CUR 1-9-15



Straumtilhøve

Det er gjort fleire straummålingar på lokaliteten. Straumen i merddjupet er målt på 5 og 15 meter to gonger, i 2006 og 2012, og målingar i spreingsdjupet og nær botn (61 og 78 meter) er gjort i 2015.

I merddjupet viste første måling (jan.-feb. 2006) hovudretningar for vasstransport mot sør på begge djup, med noko veksling mot nordvest på 5 meter og mot fleire nordlege retningar på 15 meter. Den andre målinga (apr.-mai 2012) viste klar hovudretning mot søraust på 5 meter, og mot nord-nordvest med litt veksling mot sør på 15 meter. Målingane frå dei djupare delane av vassøyla (aug.-sep. 2015) viste hovudtransport mot aust-nordaust, med noko straum også mot vest-sørvest og nord-nordvest på 61 meter. Ved 78 meter viste målingane klar hovudretning mot sør, med noko straum mot nordaust.

Straumen både i spreingsdjupet ved 61 m og ved botnen (78 m) er dominert av låge hastigheiter, kor hhv. 55% og 60% av målingane ligg i intervallet 0-1 cm/s. Det er også registrert lengre periodar med straumstille ved begge djupnene.

Botnfauna

Tilstanden for botnfaunaen ved lokaliteten er vurdert til samla sett å vere god (tilstandsklasse II). Ved stasjon C1, nærast anlegget, er det dominans av ein forureiningsindikerande art. I aust, ved stasjonane C2 og C3 er det ein forureiningstolerant art som dominerer, men det er også innslag av forureiningsnøytrale og -sensitive artar. Stasjon C4 nordaust for anlegget vert vurdert å ha moderat tilstand (tilstandsklasse III), og det er her registrert høg førekomst (46%) av ein forureiningsindikerande art. Ut over dette er det innslag av artar i alle sensitivitetssklassar ved C4.

Kjemisk tilstand i sedimentet

Sedimenta rundt lokaliteten inneheldt bakgrunnsverdiar av sink og kopar (tilstandsklasse I). Det vart målt moderate nivå (tilstandsklasse III) av organisk karbon (TOC) ved C1 og C4, medan målingane frå C2 og C3 synte låge nivå (tilstandsklasse I).

4.3.2 Truga artar og naturtypar

Havforskningsinstituttet har teke prøvar av vatnet i Førdefjorden og analysert det for innhald av DNA frå korallar. Det er gjort funn som tyder på at det kan finnast førekomstar av steinkorallen *Lophelia pertusa* i både i indre basseng i Førdefjorden og i kystområda nær fjorden⁵.

4.3.3 Andre verdiar for natur og friluftsliv i området

Lokaliteten Austneståa ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge. Det inneber at produksjonskapasiteten av laksefisk skal reduserast i dette området av omsyn til vill anadrom fisk.

Austneståa ligg om lag ei og ei halv mil utanfor grensa for nasjonal laksefjord i Førdefjorden, og om lag tre mil frå grensa for den nasjonale laksefjorden i Dalsfjorden. I nærleiken finn ein også dei store

⁵ T. Kutti, Havforskningsinstituttet, pers. medd.



vassdraga Jølstra og Osen, i tillegg til det nasjonale laksevassdraget Nausta. Nausta og Osen er vurdert å ha moderat måloppnåing for gytebestand og haustbart overskot av villaks i vurderinga til Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL)⁶. Jølstra vurderast å ha svært dårleg måloppnåing.

Kystområda kan vere beiteområde også for sjøaure frå større og mindre vassdrag i eit stort område. I Jølstra, Nausta og Osenelva er bestandstilstanden for sjøaure vurdert å vere dårleg⁷.

5 Klagerett

Svanøy Havbruk og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Kristine Hetlesæter
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvedokument - Svanøy Havbruk AS - lok 11800 Austneståa - Kinn kommune

Mottakerliste:

SVANØY HAVBRUK AS	Ole Torjussens veg 130	6914	SVANØYBUKT
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Kopi til:

Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN

⁶ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (2020). *Status for norske laksebestander i 2020*.

⁷ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (2019). *Klassifisering av tilstanden til 430 norske sjørretbestander*.



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra med heimel i § 18. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 14.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	11800 Austneståa	
Produksjonskapasitet	3120 tonn MTB matfisk av laksefisk	
Kommune og fylke	Kinn i Vestland	
Verksemd	Svanøy Havbruk AS	
Postadresse	6914 Svanøybukt	
Org. nummer	988 718 181 (føretaksnr.)	(bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2011.0203.T	4602.0066.05	2019/14070- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 29,452' N 05° 10,150' Ø	0281010300-C	Sunnfjord

Løyve gjeve fyrste gong: 29.08.2011	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: 10.11.2021
Gunn Helen Henne senioringeniør	Kristine Hetlesæter rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Kommentar
1	08.04.2016		Endra løyvet til å gjelde for ein utvida produksjon (3120 tonn MTB) i fire år. Ut over dette nokre mindre endringar i tekst og utforming i løyvedokumentet, utan skjerping eller lemping av krav.
2	10.11.2021	Generelt	Layoutmessig oppdatering frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Statsforvaltaren i Vestland.
		Framsida	Oppdatert framsida til dagens standard og oppdatert informasjon om verksemda.
		1. Produksjonsforhold	Endra biomassetaket: Permanent løyve til 3120 tonn MTB.
		2.2. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø	Tatt ut krav om ansvarleg representant for krava i løyvet og innsending av ansvarsskjema for ytre miljø.
		11.2	Endra frekvens i samsvar med Norsk Standard NS9410.
		11	Lagt til vilkår 11.3 om gransking av stoff. Vilkår om rapportering til Statsforvaltaren forskyvd til kap. 11.4.
		Vedlegg 1	Oppdatert liste over prioriterte miljøgifter.

Innhald

Endringslogg	2
0. Føresetnader	4
1. Produksjonsforhold	4
2. Generelle vilkår	4
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	4
2.2. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø	4
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	5
2.4. Nærmiljø	5
3. Utslepp til vatn	6
3.1. Utsleppsmengder	6
3.2. Utsleppsreducerande tiltak	6
3.2.1. Fôring	6
3.2.2. Dødfiskoptak	6
4. Lukt	6
5. Lys	6
6. Støy	6
6.1. Utsleppsgrenser	7
6.2. Dokumentasjon på støynivå	7
7. Kjemikal	7
8. Avfall	8
8.1. Generelle krav	8
8.2. Organisk produksjonsavfall	8
8.3. Medisin og kjemikalrestar	8
9. Beredskap mot akutt ureining	9
10. Miljøinformasjon	9
10.1. Kunnskap	9
10.2. Journalføring	9
10.3. Informasjon	9
11. Miljøtilstand og -overvaking	9
11.1. Krav til miljøtilstand	9
11.2. Krav til overvaking	10
11.3. Gransking av stoff i samband med C-granskingar	10
11.4. Rapportering til Statsforvaltaren	10
12. Større endringar	11
12.1. Endringar og utskifting av utstyr	11
12.2. Eigarskifte	11
12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	11
VEDLEGG 1	
Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1	12
VEDLEGG 2	
Definisjonar	14

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå dato for eventuelt løyve etter akvakulturlova frå fylkeskommunen.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter ureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilkåra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Statsforvaltaren på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Statsforvaltaren ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar, attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

1. Produksjonsforhold

Løyvet gjeld ureining frå merdbasert akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokaliteten Austneståa i Flora kommune. Løyvet gjeld for 3120 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB) av laks, aure og regnbogeaure. Ramma gjeld den samla produksjonen på lokaliteten.

Ved endringar i høve til dette skal verksemda søke om endring av løyvet.

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Verksemda skal etterleve ureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar.

Verksemda pliktar å redusere sine utslepp, så langt dette er teknisk mogleg, med best tilgjengeleg teknologi. For å unngå eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet.

Utslepp av prioriterte stoff (sjå vedlegg 1) er ikkje tillate, med mindre dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet. Andre utsleppskomponentar som ikkje er uttrykkjeleg regulert i løyvet, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om utsleppa var gjort kjent i samband med sakshandsaminga, eller må reknast som kjent då løyvet vart gjeve.

2.2. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda bør som del av sin internkontroll halde seg oppdatert på kva som til ei kvar tid er beste tilgjengelege teknologi for bransjen².

² Omgrepet beste tilgjengelege teknologi/ BAT ("best available techniques") og krav til slik teknologi er i utgangspunktet knytt til EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED-direktivet, *directive 2010/75/EU on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)*), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet som vil gjelde alle verksemdar: "For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut frå en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultatata." BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, www.norden.no/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse³ av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemnda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem inne på verksemnda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Med grunnlag i analysen skal verksemnda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Statsforvaltaren kan overprøve verksemnda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemnda sin internkontroll⁴ for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og andre relevante krav etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane (sjå vedlegg 2) som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining eller manglande avfallshandtering, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal straks informere⁵ Statsforvaltaren og nabolag

- når det oppstår unormale driftsforhold som kan gje synleg/merkbar ureining i strandsona eller elles i anlegget sitt nærområde,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp til omgjevnadane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra over lenger tid eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal verksemnda etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar og eiga oppfølging. Verksemnda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknader og hindre gjentakning. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Statsforvaltaren.

2.4. Nærmiljø

Verksemnda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta (utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande artar (sjå vedlegg 2), og innsyn m.m.) vert redusert til eit minimum. Som nærmiljøet til verksemnda reknast folk, tamme og ville dyr, fuglar, planter og anna liv på land og i vatn, samt spesielle natur- og landskapselement som måtte finnast nær ved anlegg eller landbase.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget eller landbasen, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, container eller tett lagertank.

Alle lagertankar for flytande tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10%.

For lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er grave ned, gjeld elles krava i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

³ Framgangsmåten bør følgje NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

⁴ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

⁵ Merk at verksemnda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

3. Utslepp til vatn

Drifta skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som vert tillate i dette løyvet.

3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa til vatn skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Det er ikkje sett direkte utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av organisk stoff, næringsstoff, kjemikal og legemiddel m.m. frå produksjonen. Utsleppa er indirekte avgrensa gjennom ei produksjonsramme (pkt. 1), krav til drifta (pkt. 2 og 3.2) og krav til miljøtilstanden i resipienten (pkt. 11.1).

Eventuelle utslepp av miljøskadelege kjemikal (i hovudsak koparsambindingar) frå notimpregneringsmiddel som følgje av utlekking frå impregnerte nøter i bruk på lokaliteten, grovspyling av nøter som står i sjøen, eller grovspyling ved notskift, er tillate. Utslepp av miljøskadelege kjemikal som følgje av ordinær notvask og/eller impregnering av nøter på lokaliteten er *ikkje* tillate⁶.

For utslepp av ev. oljehaldig avløpsvatn til sjø skal oljeinnhaldet vere under 50 mg/l.

3.2. Utsleppsreducerande tiltak

3.2.1. Fôring

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Fôrfaktor bør ikkje bli vesentleg høgare enn 1,0. Det er berre tillate å bruke tørrfôr, sjå definisjon i vedlegg 2.

3.2.2. Dødfiskopptak

Død fisk skal i størst mogleg grad fjernast frå merdane før den går i oppløysing. Død fisk bør om mogleg takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det dør meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarande.

4. Lukt

Diffuse utslepp frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest muleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

5. Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

6. Støy

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Planlagt støyande aktivitet utanom dette skal varslast til Statsforvaltaren og nabolag, jf. pkt. 2.3.

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

⁶ Jf. kap. 25 i ureiningsforskrifta om ureining frå vask og impregnering av oppdrettsnøter: Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) - FOR-2004-06-01-931.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy per driftsdøgn ved omkringliggende og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	L_{den}	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl. 19-23)	L_{den}	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	L_{den}^*	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	L_{AFmax}	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område skal støy ikkje overstige 40 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnet.

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på anlegget, spyling av nøter og lossing/lasting av fisk, fôr og anna. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at verksemda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda.

6.2. Dokumentasjon på støy nivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over sette grenseverdier. Verksemda pliktar å dokumentere støy nivåa etter nærare krav frå Statsforvaltaren. Slik måling/utrekning må gjennomførast av uavhengig firma med dokumentert kompetanse på slikt arbeid. Dokumentasjon skal skje i samsvar med gjeldande Norsk Standard og rettleiar frå Miljødirektoratet. Måling må skje i tidsrom det er vanleg aktivitet med maksimalt ekvivalent støyutslepp. Tidsrommet skal vere føremeld til representantar for naboane, kommunen og Statsforvaltaren.

Dersom målt/utrekna støy nivå som skuldast utslepp frå verksemda ligg nærare grenseverdiane enn 3 dB (A), skal ny, tilsvarende gransking gjennomførast innan 12 månader. Gransking skal elles skje ved endring av drifta som kan ha noko å seie for støyutslepp eller etter krav frå Statsforvaltaren.

7. Kjemikal

Verksemda skal berre nytte kjemikal som har lokalt tilgjengeleg sikkerhetsdatablad på norsk, der bruken skjer i samsvar med produsenten sine bruksområde og når dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁷. Produkt med forbodne eller strengt regulerte kjemikal etter REACH-regelverket er ikkje tillate brukt.

Verksemda skal ha eit dokumentert system som viser kva for vurderingar dei har gjort for kjemikal som kan ha helse- eller miljøverknadar. Vurderinga skal skje med bakgrunn i testing eller annan relevant dokumentasjon.

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) - FOR-2008-05-30-516

Verksemnda skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substusjon)⁸. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemnda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Verksemnda skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

8. Avfall

8.1. Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg, med best tilgjengeleg teknologi og utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest muleg.

Verksemnda pliktar å sørkje for at all handtering av avfall skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta⁹.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal søkast gjenbrukt i verksemnda sin eigen eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkast nytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik nytte må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, samt krav fastsett i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet.

Mellomlagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Verksemnda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar, og levering til godkjent mottak, jf. pkt 10.2. Levering av farleg avfall skal skje minst årleg, for alle fraksjonar som det oppstår 1 kg eller meir av.

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall er omtalt i pkt 2.4. Anna lagring av farleg avfall skal skje på ugjennomtrengelige fast dekke. Avfallstypar skal vere varig merkt. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall.

8.2. Organisk produksjonsavfall

Død fisk og anna organisk produksjonsavfall som fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og fôrast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla organisk avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk¹⁰ på dette området.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

⁸ Jf. § 3a i lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) - LOV-1976-06-11-79

⁹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) - FOR-2004-06-01-930

¹⁰ Forskrift om transport og behandling av animalsk avfall, og anlegg som behandler animalsk avfall, Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, og anna relevant regelverk.

8.3. Medisin og kjemikalrestar

Unytta restar av medisinfor, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje, må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld eventuelle oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

9. Beredskap mot akutt ureining

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget av skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gong pr. år.

10. Miljøinformasjon

10.1. Kunnskap

Verksemnda skal kontinuerleg ha oppdatert kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over viktige miljøressursar (sjå vedlegg 2) i nærleiken som drifta ved anlegget kan påverke.

10.2. Journalføring

Verksemnda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

Tema	Data
Produksjon	Fiskemengd i MTB og total årsproduksjon
Fôr	Fôrtypar og fôrforbruk
Avfall	Typar, mengder og disponeringsmåtar
Kjemikal	Typar og forbruk
Bruk av insekticid, avlusingsmiddel, o.l.	Typar og mengder
Bruk av antibiotika	Typar og mengder
Ev. oppsamla slam med antibiotika	Mengder og disponeringsmåtar
Rømt fisk	Tal rømmingstilfelle og mengder rømt fisk
Miljøtilstand	Oversikt over gjennomførte miljøgranskingar, og resultat av desse

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll.

10.3. Informasjon

Verksemnda skal på førespurnad frå naboar eller ålmenta gje ut all relevant miljøinformasjon om eiga drift, så som opplysningar om utslepp frå og avfallshandtering ved verksemnda, og resultat av miljøovervaking. Ved gjentekne klager/førespurnader skal verksemnda ha dokumentert kontakt med nabolag/ berørte personar med sikte på redusert konfliktnivå. Nokre avgrensingar i informasjonsplikta er omtalt i miljøinformasjonslova¹¹.

Kopi av løyvedokumenta skal vere fysisk lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemnda og for alle som har næringsmessig kontakt med verksemnda. Løyvedokumenta skal utleverast einkvar på førespurnad.

¹¹ Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet (miljøinformasjonsloven).

11. Miljøtilstand og -overvaking

11.1. Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere under anlegget eller i nærsona til anlegget.

I sedimenteringsområde for utslepp frå anlegget skal miljøtilstanden over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II "god" (jf. gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand¹²) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde kring anlegget skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa.

11.2. Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø i høve til eit overvakingsprogram. Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde. Rapport frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking.

Miljøgranskingar skal tilfredsstillende metode- og frekvenskrav for C-undersøking etter Norsk Standard NS 9410 (*Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg*) og må elles i størst mogleg grad tilpassast vassforskrifta og gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn¹⁴.

- Miljøovervakinga i resipienten må etablere faste overvakingsstasjonar som kan følgjast over tid. Det må takast omsyn til straumtilhøve og forventa spreiding av partiklar frå anlegget ved val av desse.
- Alle delar av C-undersøkingar skal gjennomførast av kvalifisert og uavhengig organ, som er akkreditert for oppgåva.

Jamleg skal det gjennomførast ei enkel strandsonesynfaring, der ein ved omtale og eventuell biletdokumentasjon gjer greie for synlege påverknader i nærområdet til anlegget.

- Strandsonesynfaringa må gjennomførast i sommarhalvåret, og må omtale eventuell feittureining, grønne algar, lausøyre (forsøpling) og liknande tilhøve.

Statsforvaltaren kan stille krav om nærare gransking av støy, vassureining, luftutslepp eller andre granskingar som Statsforvaltaren finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt av dykkar aktivitet i resipienten (jf. ureiningslova § 51). Verksemda skal betale for slike granskingar.

11.3. Gransking av stoff i samband med C-granskingar

I samband med C-granskinga beskrive i punkt 11.2 skal det samtidig bli teke tre sedimentprøvar frå merdkant, tre prøvar frå stasjon C2 og tre prøvar frå ein stasjon mellom C1 og C2 der det forventast størst akkumulering av organiske partiklar. Ein blandeprobe av sedimentprøvane frå den enkelte prøvestasjonen skal analyserast for innhald av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og som har blitt sleppt ut på lokaliteten etter førre gransking.

Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff¹³, skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.

¹² Direktoratgruppen for Vanndirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

¹³ [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – punkt 1.6](#)

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Resultata frå granskinga skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

11.4. Rapportering til Statsforvaltaren

Resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast til Statsforvaltaren fortløpande. Rapporten skal oversendast Statsforvaltaren på elektronisk format.

Overvaksingsdata som er relevante for dei nasjonale vassmiljødatabasane, må leverast til Statsforvaltaren på eit format som gjer dei eigna til innlegging¹⁴.

12. Større endringar

12.1. Endringar og utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast endringar i drifta som medfører utskifting av utstyr, teknologi eller installasjonar som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Statsforvaltaren på førehand ha melding om dette.

Ved slike endringar skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

12.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Statsforvaltaren. Ny eigar kan ikkje starte opp aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande utan avklaring med Statsforvaltaren.

12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller ikkje skal ha produksjon på meir enn 12 månader, skal den ansvarlege melde frå til Statsforvaltaren. Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegget eller brukar av anlegget. Statsforvaltaren vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Statsforvaltaren kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørje for at kjemikal, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁵. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

¹⁴ <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no/>

¹⁵ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2**Definisjonar**

Framande artar Med framande artar legg vi her til grunn International Union for Conservation of Nature (IUCN) sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial." Dei omtalte risikokategoriene er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld, vil det liggje føre oppdatert informasjon om på Artsdatabanken si nettside.

www.artsdatabanken.no.

Kjemikal Kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda, slik som vaskemiddel, groehindrande middel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel, legemiddel m.m.

Miljøressursar Med miljøressursar som omtalt i vilkår 2.2 og 10 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

<http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx>

Fôring:

Tørrfôr Tørrstoffinnhald > 90 %.

Støy:

Immisjon Med immisjon (av støy) meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtryknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).

L_{den} A-vegd ekvivalent støy nivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB skjerping på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærare omtalt i støyretteleiaren T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49). Midlingstid for L_{den}-nivået gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/>

<http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32002L0049>

L_{AFmax} A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafør perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.